



Fylkesmannen i Vestland

TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med Sogndal kommune 2019

Tilsynstema:

**Krav om individuell plan for deltakarar i
introduksjonsprogram etter introduksjonslova §§
6 og 19**

Sak nr. 2018/1073

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN:

Jon Tvilde, kommunalsjef Sogndal kommune

FYLKESMANNEN SI TILSYNSGRUPPE:

Andreas Bratshaug Stenersen, seniorrådgjevar

Jannicke Haaland Haarr, seniorrådgjevar

Innhald

Samandrag.....	4
1. Innleiing	5
1.1. Føremålet med tilsynet	5
1.2. Tilhøvet til kommunelova	5
1.3. Omgrep.....	6
1.4. Om rapporten	6
1.5 Om forholdet mellom førebels og endeleg rapport	6
2. Organiseringa av arbeidet med introduksjonslova.....	7
3. Lovkrav som vert undersøkt i tilsynet.....	7
4. Endringar i regelverket frå 1. september 2018.....	8
5. Kommunens praksis og Fylkesmannens vurdering.....	9
5.1. Vert det fastsett ein heilskapleg individuell plan innan tre månader, og vert planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?.....	9
5.1.1. Rettsleg grunnlag	9
5.1.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019	11
5.1.4. Fylkesmannen sin konklusjon.....	11
5.2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?	12
5.2.1. Rettsleg grunnlag	12
5.2.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019	14
5.2.4. Fylkesmannen sin konklusjon	14
5.3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?.....	15
5.3.1. Rettsleg grunnlag	15
5.3.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019	16
5.3.4. Fylkesmannen sin konklusjon	16
5.4. Vert den individuelle planen tatt opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?.....	17
5.4.1. Rettsleg grunnlag	17
5.4.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019	18
5.5. Vert vesentlege endringar i den individuelle planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?	19
5.5.1. Rettsleg grunnlag	19
6. Brot på regelverket og merknadar	20
6.1. Brot på regelverket.....	20
6.2. Merknadar	20

7. Avslutning av tilsyn.....20

Samandrag

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Sogndal kommune si forvaltning av lov 7. april 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonslova). Fylkesmannen sin tilsynsheimel er introduksjonslova § 23.

Temaet har vore avgrensa til introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd, om individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogram. Tilsynet har også kome inn på andre relevante føresegner i introduksjonslova, i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) og i forskrift 19. april 2012 nr. 358 om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar (forskrift om læreplan for vaksne innvandrarar). Tilsynet omfattar ikkje den individuelle planen til dei deltakarane som får opplæring i norsk og samfunnskunnskap *utan* å delta i introduksjonsprogrammet.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har bestemt at dette er det nasjonale tilsynstemaet for perioden 2017 til 2019. Fylkesmannen har i tilsynet kontrollert om kommunen oppfyller dei pliktene den er pålagt i lov eller i medhald av lov. Det rettslege grunnlaget er omtala i rapporten.

Kommunen skal utarbeide ein individuell plan for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet, jf. introduksjonslova § 6. Føresegna gjeld tilsvarande for den individuelle planen som skal verte utarbeidd for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, jf. introduksjonslova § 19 første ledd andre punktum. Den individuelle planen skal vere eit verktøy både for kommunen og for deltakakaren. Den skal vere føreseieleg og sikre kontinuitet og effektiv framdrift av kvalifiseringa. Planen er meint til å auke eigarskapen og motivasjonen til deltakaren.

1. Innleiing

Frå 1. januar 2019 vart Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland slått saman til eitt embete. Tilsynet med Sogndal kommune vart opna av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2018. Grunna omorganiseringa er det Fylkesmannen i Vestland som har utarbeidd denne rapporten etter tilsyn med Sogndal kommune si forvaltning av introduksjonslova.

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for oppfylling av pliktene i lova. Uavhengig av om tenester vert utført av andre enn kommunen, er det kommunen som pliktar å sørge for at tenestene vert utført i samsvar med lova og tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen har gjennomgått dokumentasjonen i tilsynet i eigne lokale. Fylkesmannen har ikkje gjennomført intervju av kommunen.

1.1. Føremålet med tilsynet

Introduksjonslova skal styrke nykomne innvandrarak sine mogelegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet og deira økonomiske sjølvstende, jf. introduksjonslova § 1. Lova skal også leggje til rette for at asylsøkjarak raskt får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv, jf. introduksjonslova § 1.

Brot på introduksjonslova kan true rettssikkerheita til deltakarane i introduksjonsprogrammet, og vil vere i strid med målsettinga i introduksjonslova. Lovbrot vil også kunne ha negative samfunnsmessige konsekvensar ved at overgangen til arbeid eller utdanning vert forseinka. Dette kan medføre at det tar lengre tid før deltakarane i introduksjonsprogrammet vert økonomisk sjølvstendige. Slike forseinkingar kan medføre auka offentlege utgifter til nye kvalifiseringstiltak og/eller ytterlegare sosialhjelp. Samstundes vil det også ta lengre tid før samfunnet kan nytte seg av den ressursen nykomne innvandrarak representerer.

Tilsynet skal medverke til etterleving av lova og vere eit bidrag i kommunen sitt arbeid med å sikre kvaliteten i sin tenesteproduksjon. Det vert i samband med dette vist til kommunen si internkontrollplikt etter introduksjonslova § 24.

1.2. Tilhøvet til kommunelova

Det følgjer av introduksjonslova § 23 andre ledd at Fylkesmannen sitt tilsyn skal verte gjennomført i samsvar med lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) kapittel 10 A.

Tilsynet til Fylkesmannen er eit lovlegtilsyn, jf. kommunelova § 60 b. Dette inneber at tilsynet skal vere ein kontroll av om kommunen oppfyller dei pliktene den er pålagt i lov eller i medhald av lov.

Kommunelova § 60 c gir Fylkesmannen rett til å be om opplysningar, rett til innsyn i saksdokument og tilgang til kommunale institusjonar eller andre som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Denne retten gjeld utan hinder av kommunen si teieplikt.

Etter kommunelova § 60 d kan Fylkesmannen gje pålegg til kommunen om å rette tilhøve som er i strid med lova og/eller tilhøyrande forskrifter. Før det vert gitt pålegg om å rette lovbrøt, skal kommunen få ein rimeleg frist til å rette tilhøvet.

1.3. Omgrep

Følgjande omgrep vert nytta i tilsynsrapporten:

Lovbrøt: Mangel på oppfyljing av krav fastsett i lov eller i medhald av lov.

Merknad: Kritikkkverdige tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen lovbrøt, men der tilsynet avdekkjer praksis som kan føre til lovbrøt.

Lovbrøt skal verte retta, medan kommunen kan velje å ta omsyn til merknadar.

1.4. Om rapporten

Tilsynsrapporten er utarbeidd på bakgrunn av kommunen si utgreiing, deltakarmapper og anna skriftleg dokumentasjon. Konklusjonen i rapporten er difor berre eit uttrykk for kva Fylkesmannen har sett i den dokumentasjonen som låg føre ved tilsynet. Oversyn over dokumentasjon går fram av vedlegg 1. Rapporten seier ikkje noko om kommunen si forvaltning av introduksjonsordninga på andre områder enn dei som er undersøkt gjennom tilsynet.

Fylkesmannen opna tilsyn med Sogndal kommune i brev datert 18. desember 2018. Kommunen har sendt dokumentasjon til Fylkesmannen slik det gjekk fram av varselet. Fylkesmannen etterspurde ytterlegare dokumentasjon i brev datert 12. februar 2019. Kommunen sendte inn dokumentasjon i brev datert 14. februar 2019.

Sogndal kommune fekk tilsendt førebels tilsynsrapport den 11. mars 2019 der det vart avdekt fleire lovbrøt. Kommunen fekk frist for å gi tilbakemelding på rapporten til Fylkesmannen 2. april 2019. Fylkesmannen fekk tilbakemelding frå kommunen 27. mars 2019.

1.5 Om forholdet mellom førebels og endeleg rapport

Fylkesmannen avdekkja i den førebelse rapporten at praksis kring individuell plan ikkje var i tråd med regelverket på fleire område. Det arbeidet Sogndal kommune har gjort for å endre rutinar og malar frå førebels rapport og fram til no, gjer at dei konklusjonane som vi hadde i førebels rapport, og som avdekte lovbrøt, er endra frå førebels til

endeleg rapport. Vi vel difor å presentere våre nye vurderingar og konklusjonar på alle regelverksbrota i kapittel 5. Under overskriftene «Tilbakemelding frå kommunen» vil vi presentere kommunens kommentarar og dokumentasjon på førebels rapport før vi gjer ein endeleg konklusjon. Teksten under overskrifta «Kommunens praksis» vil vere henta direkte frå førebels rapport.

2. Organiseringa av arbeidet med introduksjonslova

Sogndal kommune opplyser at det pr. 1. januar 2019 var registrert 78 deltakarar i introduksjonsprogrammet, fordelt på sju nasjonalitetar i tillegg til statslause. Arbeidet med introduksjonsprogrammet er lagt til Flyktingtenesta. Flyktingtenesta høyrer organisatorisk til under kommunalsjef for Helse- omsorg og velferd. Flyktingtenesta har fem tilsette i fulle stillingar. Det er flyktingkonsulentane som treff vedtak etter introduksjonslova, og som har dialog med IMDi og kommunen elles når det gjeld busetjing av flyktningar. Kartlegging og utarbeiding av individuell plan vert gjort av programrådgjevar i Flyktingtenesta i nært samarbeid med lærar, NAV og introduksjonsdeltakaren sjølv.

Kommunen skriv vidare at alle busette deltek på ei oppstartsveke i regi av Flyktingtenesta. I løpet av denne veka skal deltakarane ha fått god informasjon om kommunen, ulike tenester og tilbud og deltaking i introduksjonsprogrammet på sitt eige språk. Norskopplæringa deltek på oppstartsveka, og deltakarane vert kalla inn til samtale med rektor/inspektør der dei vert kartlagd og vedtak om rett/plikt til deltaking i opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunen skriv vidare at dei har samarbeidsavtalar, rettleiarar og malar som omtaler korleis kommunen arbeider med kartlegging og individuell plan i introduksjonsprogrammet.

3. Lovkrav som vert undersøkt i tilsynet

Introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd pålegg kommunen å utarbeide ein individuell plan for den einskilde deltakar i introduksjonsprogrammet. Introduksjonslova § 6 set minimumskrav til utarbeidinga av, og innhaldet i, den individuelle planen.

Tilsynet har tatt utgangspunkt i kontrollspørsmål. Kontrollspørsmåla er utforma ut frå lovkrava. Til kvart kontrollspørsmål er det tilknytt fleire delspørsmål. Både kontrollspørsmåla og delspørsmåla er utarbeidd av IMDi, og som ein del av tilsynet har Sogndal kommune svara på delspørsmåla. Under tilsynet har Fylkesmannen i Vestland valt å endre på kontrollspørsmåla for å betre fange opp lovkrava og delspørsmåla som dei er knytt til.

Desse kontrollspørsmåla skal svarast på i tilsynet:

1. Vert det fastsett ein heilskapleg individuell plan innan tre månader, og vert planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?

2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?
3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?
4. Vert den individuelle planen tatt opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?
5. Vert vesentlege endringar i den individuelle planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?

4. Endringar i regelverket frå 1. september 2018

Fylkesmannen gjer merksam på at det frå 1. september 2018 vart gjort endringar i introduksjonslova, mellom anna i introduksjonslova §§ 4 og 6.

Tidlegare viste introduksjonslova § 4 tredje ledd bokstav c til at introduksjonsprogrammet skulle innehalde «tiltak som forbereder til vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet». Etter den noverande føresegna viser den same bokstaven til at programmet skal innehalde «arbeids- eller utdanningsrettede tiltak».

Introduksjonslova § 6 har vore gjenstand for ei større endring. Føresegna sa tidlegare at:

«Det skal utarbeides en individuell plan for den som skal delta i introduksjonsprogram. Den skal utformes på bakgrunn av en kartlegging av vedkommendes opplæringsbehov og av hvilke tiltak vedkommende kan nyttiggjøre seg. Planen skal minst inneholde programmets start og tidsfaser og en angivelse av tiltakene i programmet. Planen skal utarbeides i samråd med vedkommende. Planen skal tas opp til ny vurdering med jevne mellomrom og ved vesentlig endring i vedkommendes livssituasjon».

No følgjer det av introduksjonslova § 6 at:

«Det skal utarbeides en individuell plan for den som skal delta i introduksjonsprogram. Planen skal utformes på bakgrunn av en kartlegging av vedkommendes opplæringsbehov og av hvilke tiltak vedkommende kan nyttiggjøre seg. Planen skal bygge vidare på tiltak som vedkommende har gjennomført før bosetting i kommunen. Planen skal minst inneholde programmets start og tidsfaser og en angivelse av tiltakene i programmet. Det skal begrunnes i planen hvilke arbeids- eller utdanningsrettede tiltak, jf. § 4 tredje ledd bokstav c, som er valgt, og hvordan disse vil styrke den enkeltes mulighet for deltakelse i yrkeslivet. Planen skal utarbeides i samråd med vedkommende. Planen skal tas opp til ny vurdering jevnlig, og alltid ved vesentlige endringer i den enkeltes livssituasjon og ved forlengelse av introduksjonsprogrammet etter § 5.

Den individuelle planen i introduksjonsprogrammet skal ses i sammenheng med den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap».

Dokumentasjonen frå Sogndal kommune viser at dei fleste av dei individuelle planane er datert etter at endringane i introduksjonslova trådde i kraft. Desse individuelle planane må difor verte vurdert opp mot regelverket som er gjeldande i dag. Sidan endringane i introduksjonslova §§ 4 og 6 i praksis ikkje er store, vil dette i låg grad kome på spissen.

5. Kommunens praksis og Fylkesmannens vurdering

5.1. Vert det fastsett ein heilskapleg individuell plan innan tre månader, og vert planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?

5.1.1. Rettsleg grunnlag

Kommunen skal utarbeide ein individuell plan for alle deltakarar i introduksjonsprogram, jf. introduksjonslova § 6. Kommunen skal også utarbeide ein individuell plan for alle deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap, jf. introduksjonslova § 19 første ledd. Krava i § 6 gjeld tilsvarande for denne planen.

Fastsetjing av den individuelle planen har nær samanheng med kommunen sitt vedtak om tildeling av introduksjonsprogram, og vedtaket om opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Avgjerder om at ein skal delta i introduksjonsprogrammet – og få opplæring i norsk og samfunnskunnskap – har i seg sjølv låg verdi og lite innhald utan ein individuell plan. Planen er avgjerande for deltakaren sine rettar og pliktar. Planen er difor eit enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b. Planen er eit enkeltvedtak uavhengig av korleis kommunen har skrive planen, og uavhengig av om dei reglane som gjeld for enkeltvedtak har vorte følgd eller ei.

Kommunen vel sjølv om det skal verte utarbeidd ein samla plan for introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, eller om det skal verte utarbeidd to separate planar. Ifølgje forarbeida til lova vil det normalt «verken være nødvendig eller hensiktsmessig å utarbeide en plan for hver enkelt ordning», jf. Ot.prp. nr. 50 (2003–2004) s. 67. I tilsynsinstruksen tolkar IMDi lova slik at dersom det vert utarbeidd separate individuelle planar, skal det følgje av den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap «at denne er en del av den individuelle planen for introduksjonsprogrammet». Dette skal sikre at deltakaren får ein heilskapleg plan. Ifølgje IMDi kan dette til dømes verte gjort ved at:

«[...] planene henviser til hverandre og at den individuelle planen for opplæringen i norsk og samfunnskunnskap legges ved eller stiftes fast i den individuelle planen for

introduksjonsprogrammet. Det avgjørende er at det ikke er tvil om hva som samlet sett er deltakerens individuelle plan for hele introduksjonsprogrammet».

Frå 1. september 2018 følger det direkte av introduksjonslova § 6 at dei to planane skal sjåast i samanheng. Den individuelle planen skal liggje føre så snart som mogeleg, og ikkje seinare enn tre månadar etter busetjing i kommunen eller etter at krav om deltaking vert framsett, jf. introduksjonslova § 3 andre ledd.

Kommunen vel sjølv om den individuelle planen skal vere eit vedlegg til enkeltvedtaka om deltaking i introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, eller om den individuelle planen skal vere meir skild frå desse vedtaka. Uavhengig av korleis kommunen vel å gjere dette, må alle krava for enkeltvedtak i forvaltningslova vere oppfylte. I denne samanhengen er det særleg desse krava som er aktuelle:

- Den individuelle planen skal vere skriftleg, jf. forvaltningslova § 23.
- Den individuelle planen skal vere grunngjeven, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. Grunngjevinga skal vise til dei reglane og faktiske høve som planen byggjer på, jf. forvaltningslova § 25. Hovudomsyna som har vore avgjerande for utøving av forvaltningsskjønn skal vere nemnt.
- Deltakaren skal så snart som mogeleg få skriftleg melding om den individuelle planen, jf. forvaltningslova § 27. I denne meldinga skal deltakaren få opplysningar om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåten ved klage. Deltakaren skal òg få vite om retten etter forvaltningslova §§ 18 og 19 til å sjå dokumenta i saka.

Det vil vere eit lovbrøt dersom krava i forvaltningslova ikkje er oppfylte.

5.1.2. Dokumentasjon av kommunen sin praksis og Fylkesmannens vurdering

Kommunen har svara nei på om kommunen gjev deltakaren så snart som mogeleg skriftleg underretning om fastsetting av den individuelle planen. Kommunen har svara ja på dei andre delspørsmåla knytt til dette kontrollspørsmålet. Kommunen skriv at det er programrådgjevar i Flyktingtenesta som treff vedtak etter introduksjonslova.

Kartlegging og utarbeiding av individuell plan vert gjort av programrådgjevar i nært samarbeid med lærar i norskopplæringa, rådgjevar i NAV og deltakar sjølv. Som ein del av dokumentasjonen har Fylkesmannen fått deltakarmappene til fem deltakarar i introduksjonsprogrammet i kommunen. Alle desse deltakarane har fått skriftlege individuelle planar. Kommunen nyttar malen til IMDi, og planane for introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap er difor samla i eitt og same dokument. Dette er med på å sikre at planane vert heilskaplege.

Slik Fylkesmannen forstår det vert den individuelle planen laga fortløpande, slik at ein difor kun har tilgjengeleg den siste versjonen av individuell plan. Det er eitt unntak der ein deltakar først har fått ein plan som kommunen har laga sjølv, men som i ettertid har vorte erstatta av ein plan etter malen til IMDi. Sidan Fylkesmannen ikkje veit innhaldet i den første planen, og når vart laga for fire av deltakarane, er det krevjande å tå stilling til om deltakarane fekk ein heilskapleg individuell plan innan tre månader. Ein av deltakarane vart ifølgje den individuelle planen kartlagd over fem månader etter busettingsdato. Sidan kartlegginga kjem før utarbeiding av den individuelle planen, kan ikkje kommunen ha utarbeidd planen til deltakaren innan fristen. Deltakaren som har fått ein plan som kommunen sjølv har laga viser at det har gått om lag 14 dagar etter fristen. Fylkesmannen vurderer difor at kommunen bryt kravet om at planen skal verte utarbeidd seinast tre månader etter busetjing eller etter at krav om deltaking vert framsett.

Dei individuelle planane viser til klagerett, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåte ved klage, i tillegg til retten etter forvaltningslova §§ 18 og 19 til å sjå dokumenta i saka. Planane er kort grunngjevne, og det vert vist til introduksjonslova §§ 6 og 19 første ledd, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. Dette er i tråd med lovkrava.

Kommunen har svara nei på spørsmålet om deltakaren så snart som mogeleg vert gitt skriftleg underretning om fastsetting av den individuelle planen. Fylkesmannen legg difor til grunn at kommunen si praksis ikkje er i tråd med lova.

5.1.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019

Kommunen viser i tilbakemeldinga til dokumentasjonen innsendt 17. januar 2019 der det går fram korleis det vert arbeidd med individuell plan og kva endringar som er gjennomført. Vidare skriv Sogndal kommune at individuell plan kan forbeholdt ved å tydeleggjere at den skal ligge føre så snart som mogeleg, og seinast tre månader etter busetjing eller krav om deltaking vert framsett. Kommunen skriv at dei har endra rutinane sine og viser til at det vert lagt inn ny tekst i rettleiarane til kommunen samt i enkeltvedtaket til deltakarane i introduksjonsprogrammet. Sogndal kommune viser til at det i rettleiaren skal stå at individuell plan « (...) skal ligge føre så snart som mogleg, og seinast innan tre månader etter busetjing eller krav om deltaking vert framsett. Deltakaren skal så snart som mogleg få skriftleg melding om den individuelle planen». Vidare er det beskrive korleis dette skal gjerast i praksis fram til individuell plan ligg føre innan dei tre månadane.

5.1.4. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at kommunen fastset ein heilskapleg individuell plan, og at dette vert gjort i tråd med reglane for enkeltvedtak.

Fylkesmannen finn at Sogndal kommune i svar på førebels tilsynsrapport har dokumentert at praksisen kva gjeldt fastsetting av ein heilskapleg individuell plan innan tre månader er nedfelt i kommunen sin rettleiar, og er i tråd med lovkravet. Likeins meiner Fylkesmannen at det er dokumentert at kommunen sin praksis kring underretning til deltakarane er tydeleggjort i kommunen sin rettleiar, slik at praksis er endra. Fylkesmannen finn det tilstrekkeleg dokumentert og sannsynleggjort at Sogndal kommune har ein praksis som er i tråd med lovkrava.

5.2. Er planen individuelt tilpassa og utarbeidd i samråd med deltakaren?

5.2.1. Rettsleg grunnlag

Den individuelle planen skal verte utarbeidd på bakgrunn av ei kartlegging av deltakaren sitt opplæringsbehov, og kva for tiltak han eller ho kan nyttiggjere seg, jf. introduksjonslova § 6 første ledd andre punktum. Planen skal verte utarbeidd i samråd med deltakaren, jf. introduksjonslova § 6 fjerde ledd.

Det er viktig at den einskilde deltakar får høve til å ta ansvar for kvalifiseringa si. Kravet om medverknad frå deltakaren skal sikre at det er deltakaren sine egne føresetnader og mål som ligg til grunn for det kvalifiseringslaupet han eller ho skal gjennomføre. Samtalar med deltakaren om personlege ressursar, mogelegheiter og realistiske planar for framtida er difor ei viktig oppgåve i kartleggingsarbeidet, og ved utarbeidinga av den individuelle planen. For at medverknaden skal vere reell og konstruktiv må kommunen syte for at deltakaren får relevant informasjon og rettleiing slik at han eller ho kan ta informerte val. Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11, og utgreiings- og informasjonsplikt etter forvaltningslova § 17.

Bruk av tolk vil kunne være naudsynt for å sikre medverking. Kommunen må difor gjere ei vurdering av om ein treng tolk ved kvar kartleggingssamtale. Dersom det er naudsynt, skal kommunen nytte kvalifisert tolk. Det avgjerande vil vere om manglande bruk av tolk, eventuelt bruk av ukvalifisert tolk, har ført til at deltakaren ikkje har fått nok informasjon og rettleiing i samsvar med forvaltningslova §§ 11 og 17, og/eller at planen ikkje kan verte rekna som å vere utarbeidd i samråd med deltakaren. Det vil vere tale om eit lovbrøt dersom det ikkje er nytta kvalifisert tolk der kor det var naudsynt.

Kartlegging av kompetanse skjer i to fasar, og har to ulike føremål:

1. Kartlegging for å vurdere om deltakaren treng grunnleggjande kvalifisering, og dermed har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram etter introduksjonslova § 2.
1. Ein meir detaljert og grundig kartlegging som skal leggje grunnlaget for å lage den individuelle planen etter §§ 6 og 19 første ledd.

Det går fram av førearbeida til introduksjonslova at det ikkje har vore formålstenleg å regulere i detalj kva som skal verte kartlagt eller korleis dette skal gjerast, jf. Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) s. 60. Tilsynet vil difor berre kontrollere at kommunen har gjennomført ei kartlegging i samsvar med introduksjonslova § 6 og forskrift om læreplan for vaksne innvandrarakar, og ikkje om kartlegginga av den einskilde har vore tilstrekkeleg grundig. Kommunen må likevel dokumentere ei kartlegging av noko omfang for at kravet skal vere oppfylt. Det vil vere eit lovbrøt dersom kartlegginga openbart har vore mangelfull.

På bakgrunn av kartlegginga vert deltakaren sitt mål med introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap bestemt. Deltakaren sitt mål skal gå fram av den individuelle planen. Dette kravet følgjer ikkje direkte av introduksjonslova § 6, men er ein føresetnad fleire stader i Ot.prp. nr. 28 (2002–2003), og er også naudsynt for grunngevinga. Frå 1. september 2018 er også eit slikt krav lagt til grunn i introduksjonslova § 5. Deltakaren sitt individuelle mål med introduksjonsprogrammet skal være i samsvar med introduksjonslova sitt føremål og siktemåla i introduksjonslova § 4 første ledd. Kommunen må skilje mellom mål som ligg innanfor ramma av programmet, og dei som ligg lenger fram i tid. Når det gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap følgjer det direkte av forskrifta at «planen skal oppgi mål for opplæringa [...]». Forskrifta seier også at den første individuelle planen for norsk og samfunnskunnskap skal gjere det klart kor mange timar som vert tildelt, og kor og når opplæringa skal finne stad.

Dei individuelle planane må også innehalde delmål, jf. Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) s. 61. Ifølgje IMDi sin tilsynsinstruks må begge plantypene vise kva for framdrift som er forventa for dei ulike måla. Fylkesmannen meiner dette vil vere aktuelt for delmåla, og ikkje for det kortsiktige og det langvarige målet. Det kortsiktige målet er nettopp meint å verte oppfylt innanfor ramma av programmet. Det langsiktige målet vil ofte vere av ein slik art at det ikkje vil kunne verte tidfesta på same måte som delmåla.

Føremålet med introduksjonslova er å styrkje nykomne innvandrarakar sine mogelegheiter for deltaking i yrkes- og samfunnslivet, og deira økonomiske sjølvstende, jf. introduksjonslova § 1. Lova skal også leggje til rette for at asylsøkarar raskt får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv. Det følgjer av introduksjonslova § 4 første ledd at introduksjonsprogrammet skal:

- Gje grunnleggjande dugleikar i norsk
- Gje grunnleggjande innsikt i norsk samfunnsliv
- Førebu til deltaking i yrkeslivet

Kravet til samarbeid mellom kommunen og den einskilde deltakar inneber at deltakaren ikkje kan stanse prosessen med utarbeiding av planen. Der kor det er usemje mellom

deltakaren og kommunen, er det kommunen som avgjer innhaldet i planen. I slike høve må kommunen si avgjersle byggje på god grunnleggjeving og dokumentasjon. Det skal gå fram av planen om kommunen og deltakar er usamde om innhaldet.

5.2.2. Dokumentasjon av kommunens praksis og Fylkesmannes vurdering

Kommunen har svara ja på alle delspørsmåla knytt til spørsmålet om planane er individuelt tilpassa og vert utarbeidd i samråd med deltakarane. Kommunen har rutine for å kartleggje den einskilde deltakar. Etter busetjing har kommunen ei oppstartsveke der det vert informert om til dømes ulike kommunale tenester og deltaking i introduksjonsprogrammet. Dette går føre seg på deltakaren sitt eige språk. Under oppstartsveka vert deltakarane kalla inn til kartleggingssamtale med norskopplæringa. Også programrådgjevaren ved Flyktningtenesta kallar inn deltakaren til kartleggingssamtale under oppstartsveka. Sjølv kartleggingssamtalen med norskopplæringa og programrådgjevaren kan likevel skje på eit seinare tidspunkt enn under oppstartsveka. Kommunen har kartlagt alle dei fem deltakarane som Fylkesmannen har fått deltakarmappene til, og vi kan ikkje sjå at denne kartlegginga openbart har vore mangelfull.

I forskrift om læreplan for vaksne innvandrarak er eit av krava at deltakaren skal kartleggast i «digitale basisferdigheiter». Vi kan ikkje ut frå dokumentasjonen sjå at dette per i dag vert gjort. Fylkesmannen vurderer at dette ikkje er i samsvar med lova. Kommunen har utarbeidd skriftlege rutinar (vedlegg 23) når det gjeld bruk av tolk. Deltakarane som har behov for tolk har fått dette når dei møter kommunen, og vi finn difor at kommunen nyttar tolk der det er naudsynt. Vi finn også at kommunen sørgjer for å rettleie deltakarane, blant anna under oppstartsveka, slik at dei kan forstå kva den individuelle planen er, og kva som er føremålet med den.

Av den individuelle planen går måla til introduksjonsdeltakarane fram, og dei synest å vere i samsvar med føremålet i introduksjonslova og siktemåla i introduksjonslova § 4 første ledd. Det er skilt tydeleg mellom mål som ligg innanfor ramma av introduksjonsprogrammet, og langsiktige mål som strekk seg ut over tida i programmet. Planane inneheld mål for norskopplæringa og er i stor grad konkrete, som til dømes å oppnå A2/B1 nivå lese, lytting og skriving.

5.2.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019

Sogndal kommune viser i si tilbakemelding til at dei har endra kartleggingsskjemaet, slik at dei no kartlegg deltakarane sine digitale basisferdigheiter. Kommunen har i tillegg lagt inn kartlegging av digitale basisferdigheiter i kommunens interne rutinar der dei ser både på kva deltakaren kan reint praktisk og om personvern.

5.2.4. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at den individuelle planen vert utarbeidd i samråd med

introduksjonsdeltakarane. Kommunen sørgjer også for at planane i stor grad er individuelt tilpassa deltakarane. Sogndal kommune har i svar på førebels tilsynsrapport lagt ved dokumentasjon som viser at kartleggings skjemaet no også inneheld digitale basisferdigheiter. Dette er også lagt inn i dei interne rutine til kommunen. Fylkesmannen finn etter svar frå kommunen på førebels tilsynsrapport at det tilstrekkeleg dokumentert og sannsynleggjort at Sogndal kommune har ein praksis som er i tråd med lovkrava.

5.3. Inneheld den individuelle planen starten på programmet, tidsfasar og ei oversikt over tiltaka i programmet?

5.3.1. Rettsleg grunnlag

Den individuelle planen skal klargjere tiltaka i programmet, jf. introduksjonslova § 6 andre ledd. Som eit minimum skal introduksjonsprogrammet innehalde tiltak om norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeids- eller utdanningsretta tiltak, jf. introduksjonslova § 4 tredje ledd. Det er ikkje naudsynt at dei tre elementa er til stades til ein kvar tid, men alle elementa må vere der innanfor ramma av den einskilde sitt program, og vere med i den individuelle planen. Tilsynet omfattar ikkje å vurdere programmet sitt innhald utover å kontrollere at desse tre elementa er med i planen.

I Prop. 45 L (2017–2018) s. 23 heiter det om introduksjonslova § 4 at:

«Med arbeidsrettede tiltak menes [...] tiltak som gjennomføres i eller i nær tilknytning til arbeidslivet. Eksempler på dette er ulike arbeidsmarkedstiltak, språk- eller arbeidspraksis i kommunal regi, arbeidsrettet norskopplæring, yrkesprøving, lønnstilskudd eller ordinært arbeid. Med utdanningsrettede tiltak menes etter bestemmelsen tiltak for å styrke den enkeltes formelle kompetanse og dermed forutsetninger for å komme inn i, møte endringer i og oppnå en varig tilknytning til arbeidslivet. Eksempler på dette er grunnskole eller videregående opplæring, kompletterende utdanning og godkjenning av medbrakt utdanning eller forberedende kurs for å begynne på høyere utdanning».

Den individuelle planen skal også innehalde starten på programmet og tidsfasar, jf. introduksjonslova § 6 andre ledd. Vidare må planen klarleggje lengda på programmet og kven som har ansvar for gjennomføringa av dei ulike tiltaka. Desse to krava følgjer ikkje direkte av lova, men av førearbeida, jf. Ot.prp. nr. 28 (2002–2003) s. 61. Kommunen skal individuelt fastsetje kor lenge programmet skal vare.

I tillegg tolkar IMDi lova slik at planen må vise korleis deltakaren skal få gjennomført pliktige timar i norsk og samfunnskunnskap innanfor ramma av programmet, jf. IMDi sin tilsynsinstruks s. 12. Dette inneber at «opplæringen i norsk og samfunnskunnskap som inngår i introduksjonsprogrammet skal ha et slikt omfang at deltakeren faktisk får

gjennomført det timeantallet vedkommende har plikt til». Ifølgje IMDi er det ikkje krav om ein detaljert timeoversikt, men ei oversikt over kva for periodar timane skal verte gjennomført.

5.3.2. Dokumentasjon av kommunens praksis og Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har svara ja på alle delspørsmåla knytt til dette kontrollspørsmålet. Alle dei individuelle planane inneheldt lengda på introduksjonsprogrammet, og dei inneheldt dei tre obligatoriske innhaldselementa: norskopplæring, samfunnskunnskap og arbeids- eller utdanningsretta tiltak. Det går også klårt fram kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka av dei tre innhaldselementa. Dei individuelle planane klargjer i stor grad korleis deltakarane skal få gjennomført pliktige timar i norsk og samfunnskunnskap innanfor ramma av introduksjonsprogrammet, men i ei av dei individuelle planane manglar det tidsfasar for gjennomføring av 50 timer opplæring i samfunnskunnskap innanfor ramma av programmet. Fylkesmannen vurderer at dette er eit brot på lova.

Når det gjeld tidsfasane for gjennomføring av dei ulike tiltaka, er det noko variabel utfylling av felta som inngår i den individuelle planen. I nokre av dei individuelle planane manglar det tidsfasar for gjennomføring av delmål, og kven som er ansvarleg for desse. Fylkesmannen vurderer at dette er eit brot på lova.

5.3.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019

Kommunen skriv at dei no sørgjer for at den individuelle planen gjer det klart korleis deltakarane skal gjennomføre pliktige timar i samfunnskunnskap innanfor ramma av introduksjonsprogrammet. Kommunen skriv vidare at dei no presiserer i dei interne rutine sine under gjennomføring av norsk og samfunnskunnskap at: « (...) *kontaktlærer fører inn tidsramme for gjennomføring av timar og avsluttande prøve*».

Kommunen skriv også at dei ser at ein av dei individuelle planane ikkje inneheldt tidsfasar for gjennomføring av delmål, og kven som var ansvarlege for gjennomføringa. Kommunen viser samstundes til at dette allereie var ivareteke i innsendte mal for individuell plan og kommunen meiner difor at praksis er i samsvar med lovkrav. Kommunen viser til vedlegg to i svar på førebels tilsynsrapport. Her vert det presisert i dei oppdaterte interne rutine at ein « (...) *fyll ut kven som er ansvarleg og tidfest det med dato og periode (...)*».

5.3.4. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at dei individuelle planane inneheldt starten på programmet og ei oversikt over tiltaka i programmet. Fylkesmannen ser ut i frå innsendte dokumentasjon som svar på førebels tilsynsrapport at kommunen har endra dei interne retningslinene for korleis kommunen skal sikre at pliktige timar i samfunnskunnskap skal gjennomførast innanfor ramma av introduksjonsprogrammet.

Når det gjeldt tidsfasar for gjennomføring av tiltak i delmål, og kven som er ansvarlege for desse har kommunen i sine interne rutinar tydeleggjort at det skal fyllast ut kven som er ansvarlege for opplæringa og at det skal tidfestast med dato eller periode. Fylkesmannen finn det tilstrekkeleg dokumentert og sannsynleggjort at Sogndal kommune har ein praksis som er i tråd med lovkrava.

5.4. Vert den individuelle planen tatt opp til ny vurdering med jamne mellomrom og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon?

5.4.1. Rettsleg grunnlag

Oppfølging av den einskilde deltakar er ein føresetnad i arbeidet med å utforme og gjennomføre den individuelle planen. Hovudmålet med oppfølginga er at deltakaren skal realisere måla i sin individuelle plan, og så snart som mogeleg kome i ordinært arbeid eller utdanning. Kommunen har ansvar for å følgje opp deltakaren, sjå til at den individuelle planen vert følgd og revidere den dersom naudsynt. Kommunen må også sjå til at det ikkje forsvinn unødig tid mellom dei ulike tiltaka i planen.

Introduksjonslova § 6 femte ledd krev at den individuelle planen skal verte tatt opp til ny vurdering jamleg. IMDi har tolka dette som eit krav om vurdering minst ein gong i halvåret, jf. rundskriv G-01/2016 s. 40–41. Dette sikrar at kommunen får oversikt over framdrifta til deltakaren, og at tiltaka framleis er realistiske og aktuelle. Minstekravet om ei vurdering i halvåret gjeld tilsvarande for den individuelle planen for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

I tillegg til at den individuelle planen skal vurderast med jamne mellomrom, skal den også verte tatt opp til ny vurdering ved forlenging av introduksjonsprogrammet og ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon jf. introduksjonslova § 6 femte ledd. IMDi legg til grunn at vesentlege endringar i deltakaren sin livssituasjon til dømes kan vere sjukdom, svangerskap eller familieinnvandring som i ein periode kan forseinke framdrifta eller krevje ekstra innsats frå deltakaren, jf. rundskriv G-01/2016 s. 41. Kommunen kan dokumentere vesentlege endringar i deltakaren sin livssituasjon ved å til dømes loggføre det i journalnotat, eller i eit referat frå oppfølgingssamtalar. Kommunen må kunne dokumentere dette i sitt sakshandsamingssystem, jf. IMDi sin tilsynsinstruks s. 13.

5.4.2. Dokumentasjon av kommunen sin praksis og Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har svara ja på alle delspørsmåla knytt til kontrollspørsmålet på dette punktet. Kommunen skriv i utgreiinga at Flyktingtenesta har hatt ulike rettleiarar når det gjeld revidering av individuell plan, og opplyser om at dei er i arbeid med å skrive ein ny rettleiar.

I individuell plan er det eit eige felt for planlagd dato for revidering, kven som har gjort revideringa, og datoar for gjennomført revidering. Det varierer litt i dei enkelte planane om desse felta er utfylt. Fleire av dei individuelle planane er revidert minimum ein gong i halvåret, og oppfyller lovkravet som IMDi har fastsett. Den individuelle planen til deltakaren som starta i introduksjonsprogrammet 20. oktober 2017 har ei revidering i februar 2018 og ein i mai 2018. Den neste planlagde revideringa er sett opp i april 2019. Fylkesmannen vurderer at denne individuelle planen ikkje er revidert minimum ein gong i halvåret, og difor ikkje er i tråd med lovkravet. Fordi dei individuelle planane vert oppdatert fortløpande er det ikkje like lett å få auge på endringane i planane. Det er likevel godt dokumentert i kommunens sitt sakshandsamingssystem kva som er tatt opp på møta mellom deltakaren og kommunen ved revidering av den individuelle planen. Ei av dei innsendte planane har vorte tatt opp til revidering i oktober 2018 og i november 2018. Etter Fylkesmannen sitt syn er dette noko tett. Hensikta med revidering av den individuelle planen er at deltakaren skal få realisert måla i sin individuelle plan og raskast mogleg kome i ordinært arbeid eller utdanning. På den andre sida kan det sjølvstøtt vere naudsynt med ei tett revidering dersom føresetnaden for det er til stades.

Når det gjeldt revidering av individuell plan ved vesentlege endringar i deltakaren sin livssituasjon finn vi dokumentasjon på ein deltakar som har vore i foreldrepermisjon. Notat i det kommunale sakshandsamingssystemet viser at deltakar har vore i samtalar med kommunen før, under og etter fødselspermisjonen. Deltakar var tilbake i introduksjonsprogrammet dagen etter foreldrepermisjonen var avslutta. Den individuelle planen er revidert den 30. august 2018, ei veke etter at ho var tilbake etter fødselspermisjon. Den individuelle planen har oppdaterte tidspunkt for varigheita av introduksjonsprogrammet. Lengda på permisjonen er også lagt inn. Planen er også revidert med oppdaterte tidsperiodar for gjennomføring av tiltak.

5.4.3. Kommunens tilbakemelding 27. mars 2019

Kommunen skriv at dei vil syte for at revisjon av individuell plan vert utført i samsvar med lovkrava. Kommunen har endra dei interne rutinane som gjeld revidering av individuell plan ved jamne mellomrom og minimum ein gong i halvåret. Kommunen har i retningslinene no presisert at det skal gjennomførast fire møter med deltakaren om den individuelle planen i løpet av eit introduksjonsprogram på to år. Det er vidare presisert at den individuelle planen skal takast opp til revidering minimum ein gong i halvåret og følgje oppsette datoar for revisjon som skal vere angitt i deltakaren sin individuelle plan.

5.4.4. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at den individuelle planen vert tatt opp til ny vurdering ved vesentleg endring i deltakaren sin livssituasjon. Kommunen har i svar på førebels tilsynsrapport vist til at dei har endra interne rutinar for revidering av individuell plan. Det går no fram av kommunen sine rutinar at individuell plan for deltakarane skal reviderast med jamne

mellomrom, og at det ikkje skal gå meir enn seks månader mellom revideringane. Fylkesmannen finn det tilstrekkeleg dokumentert og sannsynleggjort at Sogndal kommune har ein praksis som er i tråd med lovkrava.

5.5. Vert vesentlege endringar i den individuelle planen fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak?

5.5.1. Rettsleg grunnlag

Revidering av den individuelle planen er i utgangspunktet ikkje eit enkeltvedtak. Mindre tilpassingar undervegs skal ikkje sjåast som dette. Dersom revideringa fører til vesentlege endringar av innhaldet i planen er avgjersla eit nytt enkeltvedtak etter forvaltningslova, jf. introduksjonslova § 21 andre ledd bokstav b.

Kva som er ei vesentleg endring må verte avgjort etter ei konkret vurdering. Omfanget av endringa og betydinga for den einskilde deltakar er relevante moment i denne vurderinga. Kva som er vesentlege endringar kan sjåast i samband både med måla i planen og innhaldet i programmet.

Slik det går fram av punkt 5.1.1. vel kommunen sjølv om den individuelle planen skal vere eit vedlegg til enkeltvedtaka om tildeling av introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, eller om planen skal vere meir skild frå desse vedtaka. Uavhengig av korleis kommunen vel å gjere dette, er det naudsynt at alle krava for enkeltvedtak i forvaltningslova er oppfylte. Fylkesmannen viser til krava for enkeltvedtak under punkt 5.1.1. Dei same krava er gjeldande for enkeltvedtak ved vesentlege endringar i den individuelle planen, og det vil vere eit lovbrøt dersom krava ikkje er oppfylte.

5.5.2. Dokumentasjon av kommunen sin praksis og Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har svara ja på alle delspørsmåla knytt til kontrollspørsmålet på dette punktet. Ved gjennomgang av dokumentasjonen finn Fylkesmannen ein deltakar som har vore ute i fødselspermisjon. I dokumentasjonen finn også Fylkesmannen ein deltakar som det har vore drøfta om skal få utvida tid i programmet. Fordi kommunen oversendte dokumentasjon den 17. januar 2019, ligg det ikkje føre opplysningar om deltakar faktisk fekk utvida tid. I utgangspunktet varte introduksjonsprogrammet for denne deltakaren til og med 31. januar 2019.

Den individuelle planen for deltakaren som har vore i fødselspermisjon er, slik som nemnt ovanfor, revidert den 30. august 2018, ei veke etter at ho var tilbake etter fødselspermisjon. Fylkesmannen vurderer at planen har vorte vesentleg endra i samband med utviding av tid i introduksjonsprogrammet etter fødselspermisjon. Endringane er difor å rekne som enkeltvedtak og må vere gjort i tråd med reglane i forvaltningslova.

Etter forvaltningslova § 27 skal det verte gjeven opplysningar om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåten ved klage, samt retten til å sjå dokumenta etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Ved gjennomgang av den individuelle planen finn Fylkesmannen at kommunen oppfyller krava i forvaltningslova § 27 for deltakaren med vesentlege endringar i den individuelle planen.

Etter forvaltningslova § 24 skal innhaldet i den de individuelle planen verte grunnngjeven. Dette betyr mellom anna at det skal visast til dei reglar og faktiske tilhøve som planen byggjer på, jf. forvaltningslova § 25. I den individuelle planen er det eit eige felt for grunnngjeving av innhaldet i introduksjonsprogrammet. Kommunen har også vist til introduksjonslova §§ 6 og 19 første ledd. Kommunen har også grunnngjeve innhaldet i introduksjonsprogrammet for deltakaren, og samanhengen mellom kartlegging, målsetjing og tiltak er etter Fylkesmannen sitt syn klår.

Etter forvaltningslova § 27 har deltakaren krav på å verte underretta om fastsettinga av den individuelle planen så snart som mogeleg. Som tidlegare nemnt har kommunen i kontrollspørsmål ein og delspørsmål sju, svara nei på spørsmålet om deltakaren så snart som mogeleg vert skriftleg underretta om fastsetjinga av den individuelle planen. På kontrollspørsmålet knytt til vesentleg endring av individuell plan har kommunen svara ja på spørsmålet om deltakarane vert underretta så snart som mogeleg. Fylkesmannen finn ikkje dokumentasjon på at kommunen ikkje underretter deltakar så snart som mogeleg ved vesentleg endring av individuell plan. Fylkesmannen finn difor at kommunen på dette punktet har ein praksis som er i samsvar med lova.

5.5.3. Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen finn at vesentlege endringar i den individuelle planen vert fastsett i tråd med reglane for enkeltvedtak.

6. Brot på regelverket og merknadar

6.1. Brot på regelverket

Etter gjennomgang av tilsendt dokumentasjon i samband med svar på førebels tilsynsrapport finn ikkje Fylkesmannen i Vestland brot på regelverket i Sogndal kommune.

6.2. Merknadar

Fylkesmannen har ingen merknadar.

7. Avslutting av tilsyn

Fylkesmannen i Vestland avsluttar med dette tilsynet med introduksjonslova i Sogndal kommune. Sogndal kommune har i svar på førebels tilsynsrapport retta opp i lovbrota som låg føre ved førebels tilsynsrapport.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

For Fylkesmannen

25. april 2019

John Ole Vange
seksjonsleiar

Andreas Bratshaug Stenersen
seniorrådgjevar

Jannicke Haaland Haarr
seniorrådgjevar